# DET·NORSKE·TEATRET


PARIS
LYON
MILANO
Se
vårt store
UTVALG
i mønstret og ensfarvet
SILKE
til daglig- mellem- og aften-kjoler.
Nå som før
SILKEHUSET
ØVRE SLOTTSGT. 11 - OSLO
når det gjelder silke.
ROLF HALVORSEN & CO.

b15g 012089

# Medmenneske

## *Drama i 3 akter*

Etter romanen „Medmenneske"

av

**Olav Duun**

*Rette staden for husflit og bygdekunst*

**HEIMEN**

**HUSFLITUTSAL**

**Kristian 4des gt. 4 — Oslo**

*Det Norske Teatrets reklame arrangeres av Repress Reklamebyrå.*


KONG HAAKON
KONFEKT
FREIA · OSLO
En glede å gi-
en glede å få




*Olav Duun.*

# Eit verk om menneskeverd.

Av *Rolv Thesen.*

«Eg er så rangt ihopsett, eg skal ha rett og rett.» Det er Didrik Dale i «Medmenneske» som seier desse ord om seg sjølv. Han er klår over kven han er.

Det er nokre ord av Hans E. Kinck som kunne vera skrivne om Didrik: «En ytterst kranglevoren og vanskelig mann, en frekk løgner — bent frem litt av en satan, hvis egenhet er at han ikke vil forlike seg noensinne med det gode — det oppfatter han som et stort nederlag og en flekk på sin ære. Helstøpt i sitt slags. Men det skulle ikke undre meg om han ikke nu ved mentalundersøkelse ville bli erklært for kverulant.»

Orda gjeld ikkje Didrik, men ein mann i islandsk sagadikting: Hønse-Tore. Denne islandske handelsreisande i høns har ikkje det store format som Didrik, men dei har same lyndet. Og det er ikkje berre denne eine gongen at folk hos Duun minner ein om norrøn dikting. Nokon større påverknad frå denne diktinga er det snautt; det er berre slik at lyndet kan vera det same no som for tusen år sidan.

Ei sterk rettskjensle er sermerkt for norrønt og norsk livssyn. Men stundom kunne ho bli skakk-køyrd, bli til juridisk hårkløyving, til vondskap. Vinje dreiv gjøn med dette i «Ferdaminni», der han skildra Lars som førde sak jamvel mot kona si; «for retten er framom alt», sa han. Men han er kanskje eit samgermansk drag, denne retts-trongen. Eit klassisk verk i tysk dikting, Michael Kolhaas av Kleist, skildrar ein mann som retts-kjensla gjorde til ein røvar og mordar. Michael Kohlhaas er ikkje langt frå Didrik Dale; dei to er nære frendar.

*(Framhald side 10.)*

**Revolusjon i klaverspillet**

**Touch-systemet**

den nye treningsmåten som gir avslapping og ro — sikkerhet og bevisst viten. Sprikende fingrer, panikkfylte øyne, som vimser opp og ned fra klaver til noter, slurvespill og diletantisme — Touch-systemet utelukker disse ting.

MIMI SÆTHER'S KLAVERSKOLE

GABELSGATE 3 — OSLO — TELEFON 44 24 31

# URD

*leses av hele familien!*

Kr. 15,— pr. år
» 7,50 pr. halvår
» 3,75 pr. kvartal

Interessant stoff · Vakre bilder

«Urd»s mønstertjeneste er enestående:
*Ca. 22 snittmønstre i året for voksne og barn gratis for abonnenter.*

*Bli „Urd"-abonnent!*

Ekspedisjon: Ø. Slottsgt. 21, tlf. 42 14 02




*Alf Sommer*



*Lars Tvinde*


## *Pels-nytt*

La ikke Deres gamle pels ligge — Jeg kan sy en moderne jakke av den. Alt pelsarbeid utføres hurtig, pent og billig.
— Godt snitt — Bestillinger — moderniseringer —

**Ruth Lindrup** **Wilhelmsgt. 5 — Tlf. 60 11 14**

*(Vennligst noter mitt nye telefonnummer og adresse.)*



*Elisabeth Bang*



*Øyvind Øyen*



I mitt arbeide er huden utsatt for stor påkjenning. Jeg bruker nå den egyptiske creme og hudbalsam. De beskytter renser og forskjönner huden.

Lillebil Ibsen.

**DEN EGYPTISKE HUDBALSAM**

COLDCREMTYPE

Sterkt desinfiserende og astringerende

En gros: **HAUERS EFTF.**, Rådhusgt. 9. **Tef. 41 06 50**

*Fåes i parfymerier og apotek.*

*Alltid nyeste*

*nytt i*

KÅPER

OG

DRAKTER



# O.I.Nilsen

ØVRE SLOTTSGT. 8 (OVER EITZEN)

41 45 80 — 41 42 76

## *Medm*

Drama i 3 akter etter romanen

(1. og 2. akt i 2 bile

Sett i scene av *A l f S o m m e r* et

Dekorasjonane av

*Dei som spelar:*

Håkon Stavsund . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Ragnhild, kona hans . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Didrik, far hans . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Tale, mor hans . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Gamalfaster «Kvitugla» . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Lea, halvsyster til Håkon . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Morten . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Indianna, gjente hos «Kvitugla» . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Paul . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Karl Albert . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .
Lensmannen . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Mellom 1. og 2. ak

Mellom 2. og

Lengste opphal

Orkesteret: Kap

1. Sparre Ol
2. Sparre Ol
3. Arvid Kle
4. Sparre Ol
5. A. K. Nie


*Og så - -*
*går vi på*

FRASCATI



## enneske

«Medmenneske» av **Olav Duun**

e, og 3. akt i 3 bilete.)

er *Knut Hergels* tidlegare regi.

*Arne Walentin*

........................................ *Øyvind Øyen*
........................................ *Elisabeth Bang*
........................................ *Lars Tvinde*
........................................ *Dagmar Myhrvold*
........................................ *Astrid Sommer*
........................................ *Lydia Opøien*
........................................ *Kåre Wicklund*
........................................ *Åsta Voss*
........................................ *Pål Bucher Skjønberg*
........................................ *Helge Essmar*
........................................ *Amund Rydland*

har det gått nokre veker.
akt eit par månader.
l mellom 2. og 3. akt.
llmeister *A. K. Nielsen.*

en: Moderato
en: Allegro Moderato
ven: Vet du?
en: Andante
sen: Andante Moderato

FRASCATI

*Et hyggelig sted*
*Åpent til kl. 1*

TRELAST
DØRER
KJØKKENINNREDNINGER
FERDIGHUS

E.A.HAMMER A/S
TRELASTFORRETNING
SØRUMSAND TREVAREFABRIKK OG HØVLERI
TELEFON 33 45 80

(Framhald frå side 4.)

Ei tid tenkte Olav Duun på å kalle romanen om Didrik for «Retten rår», seinare tenkte han òg på titelen «Eit medmenneske». Og når han til slutt valde «Medmenneske», så er vel ordet helst eintal og litt ironisk meint. For Didrik er ikkje som andre menneske; i grunnen har han mist sambandet med det miljø han lever i, han står i protest mot alt og alle. Til slutt kjenner han seg «isande einsleg under himmelen». Og han kjenner stundom ei kald glede for di han er så fri. Det fylgjer kaldgufs med han, og han veit det. «Der sit dei liksom dei såg Svarten i døra når du kjem,» slik tenkjer han ein gong om dei i grannegarden. Og ein gong han kjem heim, småflirer han og seier: «Når ein snakkar om ein viss mann, da er han ikkje langt unna.»

Vi får ikkje større forklåring på korleis Didrik har hamna i vondskapen, — funni kvile i djevelen, om ein vil nytte ei vending frå ein dansk roman. Til det kunne Duun ha sagt at Shakespeare har heller ikkje gjevi skikkeleg forklåring på vondskapen hos Jago. Mennesket vart etter kvart ei gåte for Duun, ein svært ihopfløkt skapning. Eller som Sigrid Undset sa i talen ved bålferda hans: «For Duun var det som en kaller alminnelige mennesker noe stort

Framhald side 15.)

**Eugenie Støttums Blomsterforretning**

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*




# O.L.HOFF A/S

*Tostrupgården*
*Karl Johansgt. 25*





*Dagmar Myhrvold* *Astrid Sommer* *Lydia Opøien*




Støtt Redningsskøytene

**Redningsskøytenes arbeid 1951.**

92 mennesker ble reddet fra den visse død, 3120 mennesker ble hjulpet på sjøen, 712 større og mindre fartøyer ble berget, innslept, assistert eller veiledet til los, 55 syke ble transportert til sykehus.

**Norsk Selskap til skibbrudnes redning. (Redningsselskapet.) Nedre Vollgt. 3, Oslo**

Barne — Brude — Gruppe — Selskaps

Portrett, Teknisk — foto

Fotograf Arve Halvorsen



Østgaardsgt. 10. — inng. Vogtsgt. — Telef. 37 40 64



ANNA SKULLERUD

Storgaten 2

*Spesialforretning i damehatter*



Der hestekrefter møtes –
Alle er like velkommen i

**K·N·A restauranten**

Snekkermester

*Nils Nygaard*

Møbel- og
*innredningssnekkeri*

*

Markveien 30 - Oslo - Telefon 37 79 03






DAME
OG
HERRE

SKRIV, RING
ELLER STIKK INNOM

ENEFORHANDLER:

**KNUT BRAATEN**

AKERSGT. 73 B - OSLO - TELEF. 330120

PORTRETTET

må være fra Sjøwall

Drammensveien 8

*Skal De ha slipt gulvene?*

*Henvend Dem til*

**B. Bogens Parkettsliperi**

Chr Michelsensgt. 21 — Telefon 37 60 26

*Førsteklasses arbeide garanteres.*

## *Kjente Oslo-adresser for landbruket:*

**Norske Meieriers Salgssentral**

Bredgt. 10 Sentralb. 68 18 86

**Norges Bondelag**

Kronprinsensgt. 9

Sentralbord 33 23 85

**Norges Kjøtt- og Fleskesentral**

Schweigaardsgate 2 (Kjøtthallen)

Inngang Grønlands torv Sentralbord 68 35 00

*Fornuftig vedlikehald er lønsamt,*
*og gjer heim og arbeidsstad fager og uneleg.*
*Eg har fyrebils einesalet av den mønsterverna TO-taburetten.*

Målarmeister

**A. DOLVE**

Lofthusveien 37, Grefsen — Telefon 37 11 15 - 37 52 55

(Framhald frå side 10.)

og respektinngydende, — hver og en av dem bar inni seg en hel verden på godt og ondt, for ham var alle mennesker både fengslende, løyerlige og rystende store.»

Didrik er klår over at han og Ragnhild er motsetningar, to ulike prinsipp, liksom Lauris og Odin i «Juvikfolke». «Du som er eit skikkeleg menneske,» seier han ein gong til henne. Og ein gong kallar han henne for jomfrua. Sjølv kjenner ho seg utvald, ho hadde alltid hatt den vona og vissa at ho trongst der ho kom. Det måtte vera ei meining med den ting at ho var komen til denne Vonlausheimen. Der vi ser Ragnhild ute i landskapet, er det ein dåm over henne som kan få ein til å tenkje på Karlfeldts dikt «Jungfru Maria», der det står: «Du är utvald framför andra, du er önskad av en var.»

Så ulike dei er, Ragnhild og Didrik, er det likevel slik at dei dregst til kvarandre. Ho tilstår at ho likar han, og saman med henne blir han stundom litt av eit menneske, kjenner ein trong til å bli det, i alle fall. «*Du* veit,» seier han ein gong til henne, «at eg er ikkje så svart som folk vil ha meg til; og takk og ære for det, Ragnhild!» Ja, det mest geniale i diktverket er vel nettopp skildringa av tilhøvet mellom Didrik og Ragnhild, det er den som gjev romanen — og skodespelet — spaning og dramatisk styrke.

Tale, kona til Didrik, er alt nedtukta, ho bergar seg med ein viss barsk humor, endå ho stundom kjenner seg «på kristendomens rand». Det er mellom Didrik og Håkon krigen no står. Ragnhild kjenner korleis lufta dirrar mellom dei to. Til slutt er ho ikkje lenger så viss på at ho styrer det som hender i Vonlausheimen. Og så kjem då slaget, utløysinga av spaninga, før ho får tenkt seg om. Øksa «for i veret». Det kom liksom av seg sjølv, spontant. Ho hadde ingenting planlagt, som Odin då han dømde Lauris til døden, eller som Raskolnikov. Ho er kvinne og går meir etter sitt instinkt. Men ho er òg eit sterkt og stolt menneske, ho tek sjølv ansvaret for det ho har gjort. Men ho skjønar snart at gjerninga var eit nederlag. Mannen, Håkon, var ikkje verd gjerninga. Einsam går ho frå han, som Nora i «Et dukkehjem».

Men ho er ikkje knekt, ho ber børa si. Ho er av Duuns utvalde. «Kven Vårherre er, og kva han vil, det er no den ting. Kva eit menneske er, det får De heller ikkje spørja meg om. Eg veit einast at alt skal berast som ein får på seg lagt. Var det ikkje stygt å seia det, så sa eg det: at fanst det eit retteleg menneske, da vart det dømt til å bera *mykje*. Gud sjølv veit kva for ei gjerning det fekk å gjera for han. Men så tolde det vel meir òg, enn andre.»

«Medmenneske» er eit av dei store verk i norsk dikting, kanskje det mest geniale Duun har skapt. «Det strutter av geni» skreiv Paul Gjesdahl då det kom ut i 1929.

(Framhald side 16.)

Fr. Sudmann
Lille Grensen 1
Telefon 33 37 49
FARVEHANDEL

*Når De maling og lakk eller lys skal kjøpe,*
*bør De Sudmann i Grensen besøke.*

*(Framhald frå side 15.)*

Den munnrappe Lea kjem stundom i skade for å seia eit visdomsord. Ho seier til Ragnhild: «Ja. Det har seg slik. Du blir aldri ferdig med ei god gjerning. Aldri. Det må gjerast om att og om att, livet til endes.» Kor sanne desse orda er, syner dei to bøkene som er framhald av «Medmenneske», dei heiter «Ragnhild» (1931) og «Siste leveåre» (1933). Ragnhild må berga mannen sin, Håkon, så ikkje han òg blir ein Didrik. Men ho får god hjelp med dette av Lea. Håkon *blir* berga, han blir ingen Didrik.

Heile romantrilogien har ei sterk etisk makt og reising. Han er ingen sosial roman i vanleg meining; men djupast sétt er det ein av dei mest sosiale romanane i heile vår dikting, ei skakande skildring av kva egoisme og isolasjon kan føre til, og ei like gripande skildring av kva eit godt menneske kan ha å seia for andre. Det er eit verk om menneskeverd. *De dignitate hominis* (om menneskeverd) — denne titelen på ein namngjeten tale frå renessansetida kunne ha stått som motto for mange av Olav Duuns bøker, men serleg for denne trilogien.

*Rolv Thesen.*

Vi utfører alle slags skoreparasjoner
solid og pent til rimelige priser —
*1. klasses arbeide — Hurtig levering*

**Odd Vaage**
KEYSERS GATE 5

*FORRETNINGSFOLK og andre som vil ha prentesakene sine på norsk vender seg til:*
JOHANSEN & NIELSEN BOKTRYKKERI
Pilestredet 45 b, Oslo - Telefon: 46 14 93, 46 26 92 og 46 75 42




*Den nyeste fjernmottaker*

Den store båndspredning på alle kortbølgebånd gir inntil 15 ganger lettere avlesning og innstilling enn vanlig.
Presisjonsskalaen har en samlet skalalengde på over 2 meter og flere nøyaktige stasjonsnavn enn noen annen mottaker (over 300 stasjonsavmerkinger.)
Seks bølgebånd med vekslende fargeskille. Bølgebåndsindikator. Stasjonsvelger med svinghjul. Ti toms Symfoni-høyttaler. Orginal HØYTTAFON for tale- og musikkoverføring til og fra kjøkken, barneværelse og andre rom.

**Den fantastisk gode kortbølge gir Dem ypperlig fjernmottaking — også i den lyse årstid.**

**Symfoni Super DX kr. 695,—**

**RADIONETTE**

*Verden i levende toner*



Magasin du Nord A/S
OSLO

JOHANSEN & NIELSEN, OSLO